

Plan for skulebiblioteka i Bømlaskulen



2019-2021

Innhald

1. Plan for skulebiblioteka i Bømloskulen	3
2. Alle skulane skal ha ein skulebibliotekar	3
3. Samlinga skal vere godt og oversiktleg organisert	3
4. Skulebiblioteka skal motivera til leselyst og samlinga skal vera attraktiv og levande	4
5. Skulebiblioteket skal vere tilgjengeleg for elevane i skuletida og SFO-tida	4
6. Skulebiblioteket skal involvere elevar i drift og formidling	4
7. Elevane skal bruke skulebiblioteket regelmessig	5
8. Skulebibliotekaren skal setje i gang leseprosjekt og lesestimulerande tiltak	5
9. Skulebiblioteka skal ha eigne budsjett til innkjøp av nye bøker	5
10. Alle elevane les kvar dag i skuletida og heime	6
11. Skulebibliotekaren skal vere med i planlegging av undervisninga	6
12. Elevane skal utvikle god informasjonskompetanse	6
Vedlegg 1	7

1. Plan for skulebiblioteka i Bømloskulen

Målet er at skulebiblioteket skal vere eit fagleg og kulturelt senter for læring og ein integrert del av den pedagogiske verksemda til Bømloskulen. Elevane i Bømloskulen skal finne aktuell og relevant litteratur i skulebiblioteket sitt og bli inspirert til å lese både på skulen og heime. Skulebiblioteket skal brukast aktivt og vere ein integrert del av skulen sine planar.

Elevane sin rett til tilgang til skulebibliotek er heimla i Opplæringslova og i forskrift til opplæringslova.

Opplæringslova §9-2

“Elevane skal ha tilgang til skulebibliotek. Departementet kan gi nærmare forskrifter.”

Forskrift til opplæringslova §21-1

“Skulen skal ha skulebibliotek med mindre tilgangen til skulebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. Bibliotek som ikkje ligg i skulen sine lokale, skal vere tilgjengeleg for elevane i skuletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skolen. Biblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skolen.”

2. Alle skulane skal ha ein skulebibliotekar

Det er viktig å ha ein ansvarleg skulebibliotekar med god kompetanse. Ein kan gjerne nytte lærar med tilleggsutdanning i skulebibliotek eller bibliotekar med pedagogisk kompetanse.

Tiltak:

- Skulebibliotekaren må vere del av eit skulebiblioteknettverk i kommunen.
- Skulebibliotekaren må samarbeide med folkebiblioteket når det gjeld kompetanseheving/kurs.
- Skulebibliotekaren må få kontinuerleg tilbod om relevant etter- og vidareutdanning.

3. Samlinga skal vere godt og oversiktleg organisert

For at elevane skal kunne lett finne fram til litteratur på eiga hand og finne bøker som passer til lesedugleik og interesse er det viktig å organisere samlinga med tanke på dette.

Tiltak:

- Bruke kategoriar, tema og utstillingar i oppstillinga av media.
- Samarbeide med folkebiblioteket for å gjere samlinga brukarvenleg for elevane.

4. Skulebiblioteka skal motivera til leselyst og samlinga skal vera attraktiv og levande

Skal elevane bli freista til lesing må skulebiblioteket inspirere elevane både i og utanfor rommet.

Tiltak:

- Skulebiblioteket kan ha utstillingar, bruke sosiale media, infoskopar på skulane og it's learning for å inspirere til lesing.
- Skulebiblioteket kan samarbeide med folkebiblioteket når det gjeld formidling og inspirasjon.
- Skulebiblioteket kan nytte seg av nynorske leseledarar.

5. Skulebiblioteket skal vere tilgjengeleg for elevane i skuletida og SFO-tida

Det er viktig at elevane kan bruke skulebiblioteket også utanom dei fastsette timane. Skulebiblioteket skal vere eit godt og inspirerende rom å vera i. Her kan ein lese, finne informasjon og gjere lekser.

Tiltak:

- Skulebiblioteket må ha gode og innbydande lokalar med ulike soner.
- Skulebiblioteket må organisere samlinga slik at elevane kan finne fram på eiga hand.
- Skulebiblioteket må ha eit enkelt utlånssystem som elevane kan bruke sjølv. (Utlånsautomat)

6. Skulebiblioteket skal involvere elevar i drift og formidling

Ved å engasjere elevassistentar blir elevane involvert i skulebiblioteket sitt og får nyttig arbeidserfaring.

Tiltak:

- Elevassistentane kan jobbe med rydding, utlån og formidling.
- Skulebibliotekaren kan konsentrere seg om planlegging, samarbeid, undervisning.

7. Elevane skal bruke skulebiblioteket regelmessig

Skulebiblioteket skal vere eit fast innslag i elevane sin kvardag.

Tiltak:

- Bruken av skulebiblioteket må leggest inn lagt inn i planane til skulen.
- Bruken bør vere i samarbeid med skulebibliotekaren slik at elevane får best mogleg utbytte.
- Skulebiblioteket bør bli brukt til forfattarbesøk og andre kulturelle opplevingar.

- Sjå opplegget: Den gode bibliotektime ([vedlegg 1](#)) Henta frå Spangereid skule.

8. Skulebibliotekaren skal setje i gang leseprosjekt og lesestimulerande tiltak

Tiltak:

- Kwart trinn er med i minimum eit leseprosjekt pr. skuleår.
- Skulebibliotekaren må lage ein plan for leseprosjekt i samarbeid med lærarane.
- Skulebibliotekaren bør bruke elevane aktivt i litteraturformidlinga.
- Kvar klasse kan ha ansvar for utstillingar i biblioteket etter tur.
- Elevane kan formidle litteratur til kvarandre gjennom, teater, kunst, film, bokpresentasjonar og nett.

9. Skulebiblioteka skal ha eigne budsjett til innkjøp av nye bøker

Skal ein formidle litteratur og freiste elevane til å lese er det heilt naudsynt å kjøpe inn aktuell og spanande litteratur. Skulebiblioteka skal ha eigne budsjett til innkjøp av nye bøker, helst 1 ny bok pr. elev pr. år.

Tiltak:

- Innkjøp i samarbeid med folkebiblioteket.
- Kjøpe inn fleire eksemplar av populære bøker.
- Skulebibliotekaren får eit bokbudsjett kvart år.
- Få innspel frå elevane om bokynskjer.

10. Alle elevane les kvar dag i skuletida og heime

Innføring av lesing i skuletida kan inspirere til å forsette lesing heime. Ved å prioritere lesing i skuletida viser ein elevane at det er viktig.

Tiltak:

- Skulebiblioteket hjelper med å finne litteratur til dei som treng det.
- Ein kan legge inn 15. min. lesing heime i tillegg.
- Ein kan ha bokbyttedag på skulen der elevar tek med egne bøker.

11. Skulebibliotekaren skal vere med i planlegging av undervisninga

Skulebibliotekaren skal vere med i planlegging av undervisninga for å bidra til å nå måla i læreplanen, og bidra til *Lesing i alle fag på alle trinn*.

Tiltak:

- Kvar skule skal ha ein timeplan der bruken av skulebiblioteket er synleg for alle.
- Skulebibliotekaren skal samarbeide med trinna om bruken av skulebiblioteket knytt til fag og læreplanmål.

12. Elevane skal utvikle god informasjonskompetanse

Elevane treng kompetanse i å søke etter, vurdere og kunne bruke informasjon.

Tiltak:

- Skulebibliotekaren skal kunne rettleie elevane til å finne og tilverke kunnskap og informasjon.
- Skulebiblioteket skal ha digitale ressursar tilgjengeleg for innhenting av informasjon.

Vedlegg 1

Forslag til bibliotektime:

(Eksempel henta frå Spangereid skule)

1. Samling (15 min). Presentasjon av bøker

Lærar presenterer aktuelle bøker

Elevar presenterer aktuelle bøker

Skulebibliotekar (etter avtale) presenterer aktuelle bøker

Folkebiblioteket presenterer bøker

Høgtlesing

Sjangerlære

Forfattarlære

2. Tid for lån. Alle elevar bør alltid ha både heimebok og hyllebok til individuell lesing.

3. Individuell lesetid ca. 20 min.